



Notat

Dato: 02.04.2019
Arkivsak: 2016/2768-36
Saksbehandlar: ROABREI

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Roald Breistein

Partsbrev - Godkjenning av prosjektrekneskapar - Uttale frå kontrollutvalet

Vedlagt følgjer partsbrev for sak PS 26/19 «Godkjenning av prosjektrekneskapar – Uttale frå kontrollutvalet» etter møte i kontrollutvalet 01.04.19.

Uttalen frå kontrollutvalet skal leggjast ved den vidare handsaminga av saka til fylkestinget som vi antar vi skje i møte 12.06.2019.

Kopi til:
ØKONOMI - OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Arkivnr: 2016/2768-33
 Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	26/19	01.04.2019

Godkjenning av prosjektrekneskapar - Uttale frå kontrollutvalet

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget vedtok slike nye retningslinjer i møte 12.06.2018 når det gjeld handsaming av prosjektrekneskapar:

1. *Fylkestinget godkjenner at prosjekt med budsjett ved byggestart på over 50 mill. kr skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.*
2. *Fylkestinget godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 25 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10% samanlikna med budsjett ved byggestart, skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.*

I saksutgreiinga til denne saka går det m.a. fram dette:

«Den gjeldande prosedyren frå rekneskapsavslutting til godkjent prosjektrekneskap foreslår fylkesrådmannen å halde fram med. Det medfører at avslutta rekneskap vert revidert før det vert handsama i kontrollutvalet. Fylkesrådmannen utarbeider deretter sak til det organet som har fastsett budsjettet for endeleg godkjenning av prosjektrekneskapet.»

Uttalen frå kontrollutvalet skal for desse prosjektrekneskapane leggjast ved sak frå fylkesrådmannen til fylkestinget, som gjer vedtak i saka. Sekretariatet har motteke revisoruttale til prosjektrekneskapane. I revisjonsmeldingane dagsett 19.03.2019, har Deloitte stadfesta at prosjektrekneskapane i det alt vesentlige er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga. Sekretariatet har merka seg at revisjonsuttalene er skrive på bokmål, og ikkje på nynorsk, som er Hordaland fylkeskommune sitt administrasjonsspråk.

Notat om avslutning av prosjekta, prosjektrekneskapane og revisjonsmeldingane ligg ved.

Drøfting:

Prosjekt 05800 – profilering eigedomar viser eit mindreforbruk i høve kostnadsramma på kr. 15 084 783 (48,66 %). Dette må seiast å vera eit monaleg avvik i høve kostnadsramma. Sekretariatet har merka seg at fylkesrådmannen m.a. skriv dette i sine kommentarar til rekneskapsavslutninga:

«Budsjettmessig er prosjektet vanskelig å halde oversikta over sidan det er eit prosjekt kor ein prøvde å gjennomføre rebudsjettering, og korrigere framtidige løyvingar i forhold til faktisk forbruk. Det har vist seg umogleg å få ut relevante økonomirapportar i forhold til dette prinsippet, og samla løyvd budsjett er difor høgare enn faktisk prosjektramme.»

På bakgrunn av det som går fram over kan det vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok i prosjektet. For dette prosjektet har sekretariatet også merka seg at det har teke omlag 2 år frå siste føring på prosjektet og til prosjektrekneskap er avlagt.

For **prosjekt 07009 Fana gymnas - ombygging** er det eit mindreforbruk i høve kostnadsramma på kr 5 104 564 (17,02 %). Også for dette prosjektet vil det vera grunnlag for å hevde at det er eit monaleg avvik i høve kostnadsramma. Sekretariatet har her merka seg at fylkesrådmannen m.a. skriv dette i rekneskapsavslutninga:

«Sidan prosjektet er knytt til utleige og ikkje ordinær fylkeskommunal verksemd har ein rett til frådrag (refusjon) og ikkje kompensasjon for meirverdiavgift. Budsjettmessig gjer dette at ramma for prosjektet kan reduserast med 5 mill. kr, utan at det påverkar prosjektet.»

Det kan også for dette prosjektet vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok.

Utover det som går fram over er handsaming og revisjon av prosjektrekneskapane utført i tråd med regelverket ved at dei vert revidert etter kvart, ved at dei vert send vidare til sekretariatet for handsaming i kontrollutvalet og at det er lagt ved notat med forklaring på avvik for prosjekta.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet i sin uttale merkar seg at det for begge prosjekta viser seg at ein har monalege avvik i høve opphavleg kostnadsramme og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok. Dette har kontrollutvalet også kommentert ved ei rekke høve i samband med uttale på tidlegare prosjektrekneskapar.

Kontrollutvalet bør tilrå at fylkesrådmannen vurderer om rutinane på desse områda er gode og dekkande nok. Sekretariatet tilrår elles at kontrollutvalet tar konklusjonane frå Deloitte til etterretning.

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapane i det alt vesentlige er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.
2. Utvalet har igjen merka seg at alle prosjekta har monalege avvik i høve opphavleg kostnadsramme og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore

gode nok.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 01.04.2019

Handsaming i møtet

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapane i det alt vesentlige er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.
2. Utvalet har igjen merka seg at alle prosjekta har monalege avvik i høve opphavleg kostnadsramme og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 05800 - profilering eigedomar
- 2 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 05800 - profilering eigedomar
- 3 Uavhengig revisors beretning - Prosjektregnskap prosjekt 05800 «Profilering eigedomar»
- 4 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 07009 - Fana Gymnas - ombygging
- 5 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 07009 - Fana gymnas - ombygging
- 6 Uavhengig revisors beretning - Prosjektregnskap prosjekt 07009 «Fana Gymnas - ombygging»